



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Kontakt saksbehandler

Annette Fosså, 51 56 89 20

Uttale til høyring av søknad om løyve til å midlertidig avvike frå manøvreringsreglementet for Slettedalsvatnet, Sauda kommune

Vi viser til høyringsbrev av 05.04.24.

Bakgrunn

NVE har fått ein søknad frå Aktieselskabet Saudefaldene om løyve til å midlertidig avvike frå gjeldande manøvreringsreglement for Slettedalsvatnet i Sauda kommune. Søkjar oppgir at dei skal bytte løpehjul i Storlivatn kraftverk og gjennomføre ei revurdering av vassvegen til kraftverket Sønna Lav. Det første løpehjulet skal byttast i perioden 2.9.2024 - 6.10.2024. For å unngå flaum og overløp i perioden arbeida er i gang, søker Aktieselskabet Saudefaldene om løyve til å avvike frå restriksjonen for sommarvasstand i Slettedalsvatnet. I følgje manøvreringsreglementet skal vasstand i sommarperioden holdast mellom HRV og HRV – 10 m. Aktieselskabet Saudefaldene søker om å få halde vasstand mellom HRV og HRV – 15 m i perioden 15.07.2024-15.09.2024.

Statsforvaltaren si vurdering

Det er registrert artar i influensområdet som er sårbare for forstyrring i hekketida. Statsforvaltaren legg derfor til grunn at støyande arbeid og eventuell naudsynt helikopterflyging blir lagt utanom hekketid, og til den perioden for arbeid som er oppgitt i søknad. Oppstart av nedtapping av vatnet, planlagt frå 15. juli, ser vi ikkje på som problematisk med mindre denne delen av arbeidet òg vil føre med seg mykje støyande aktivitet. Dersom tiltaket ikkje kan gjennomførast innanfor oppgitt periode, ber vi NVE ta ei ny konkret vurdering av dei enkelte arbeidsprosessane opp mot registrerte naturverdiar i området.

For å unngå stranding av fisk, ber vi om at NVE set vilkår om gradvis nedtapping av vatnet.



Med hilsen

Tage A.T. Eriksen (e.f.)
fagleder natur

Annette Fosså
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune
Sauda kommune

Postboks 130
Postboks 44

4001
4201

Stavanger
Sauda